



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1169-1

Sakshandsamar: Tone Lunde Skaalen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval	09.09.2025	26/25
Helse og sosialutval	09.09.2025	16/25
Landbruk, miljø og teknisk utval	09.09.2025	13/25
Administrasjonsutval		
Formannskap	10.09.2025	63/25
Arbeidsmiljøutval	11.09.2025	16/25
Rådet for personar med funksjonsnedsetjing		
Eldreråd		
Kommunestyre		

Innsparing for 2026 - driftstilpassing

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Samla oppstilling budsjett. (2)
- 2 Innsparingstiltak - sentraladm (2)
- 3 ROS - reduksjon av stillingar sentraladm
- 4 Planområde 2 innsparingstiltak (5)
- 5 Vedlegg 1 Risikovurdering Byrte
- 6 Vedlegg 2 Risikovurdering Åmdals Verk
- 7 Vedlegg 3 Risikovurdering Høydalsmo ung.skule
- 8 Vedlegg 4 Risikovurdering miljøterapeut

- 9 Vedlegg 5 Risikovurdering redusere bemanning
- 10 Planområde 3 (1)
- 11 Avslutte RPH
- 12 Fjerne 50% konsulent helsestasjon
- 13 Reduksjon heimetenesa
- 14 Reduksjon årsverk institusjon
- 15 Fjerning av diabetessjukepleiar
- 16 TILTAK I PLANOMRÅDE 4
- 17 Planområdet 5 Teknisk (1)
- 18 Driftsanalyse innsparing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok i sak 92/24:

«Budsjettarbeid fram mot 2026 Kommunestyret set ned ei arbeidsgruppe samansett av økonomiutvalet (formannskapet), HVO/HTV og kommunedirektørens leiargruppe, som skal finne alternative tiltak for å tilpasse drifta til inntektene. Mål om netto driftsresultat på 1,75% i 2026. Kommunedirektøren leiar arbeidet i gruppa»

I dialog med formannskapet, ynskjer dei at arbeidet blir gjort at kommunedirektøren. I kommunesstyret 25.03.25 vart dette ljusbilde vist:



Kommunestyrets vedtak i desember 2024 – budsjett 2025

- **Ein skal i 2025 tilpasse drifta, slik at ein får netto driftsresultat på 1,75% i 2026.**
- **Skildnaden på eit netto driftsresultat på 0% og 1,75% er 6-8 mill.**
 - Nokre tiltak får kanskje ikkje verknad frå 01.01.26 – men kanskje gjennom året eller seinare år. Så netto effekt kan for vere eit netto driftsresultat på 1,75% med full effekt av tiltak.

KOMMUNEDIREKTØREN VIL HA EI DRØFTING OM **PROSESS OG MÅL**
MED FORMANNSKAPET I fk. MØTE 12.03.25



Kommunedirektøren hadde i presentasjonen forståing at det var greitt med forslag på eit netto driftsresultat i 2026 i balanse og det skulle bli gjort så mange vedtak i budsjett for 2026 og økonomiplan 2026 – 2029, at med full effekt av tiltaka skulle bli eit netto driftsresultat på 1,75% i 2027. Resultatet vil bli at ein får skapt eit tilrådd netto driftsresultat, før fonda er brukt til å dekke underskot i drifta.

Alle planområda har saman med leiarar, verneapparatet og tillitsvalde vurdert ulike område der ein kan redusere utgiftene. Det er både gjennomført konsekvensutgreiing og ROS analyser som grunnlag for innstilling.

Kommunalsjefane kjem så med si tilråding på tiltak ein tilrår og syner òg eit oversyn over moglege kostnadsreducerande tiltak.

Kommunedirektøren har utarbeida eit faktagrunnlag som er vedlagt og som gjer at ein har betre grunnlag for avgjerslene ein må ta.

At ein er i situasjonen ein er no: redusert rammeoverføring, høgt rentenivå og tilbod som ikkje er lovpålagt blir vedteke. Ofte er det også

INNTEKTER – rammeoverføring i 2026:

Skatt og ramme			
	Rnb 2025	2026	2026 justert 3,4%
Innbyggertilskudd	70 650	74 528	77 136
Utgiftsordningen	28 028	28 314	29 270
Ingar	2484	205	205
Saker med særskilt fordeling	1 682	1 673	1 730
Veksttilskudd		54	56
Andre poster	5 076		
Sum	107 920	104 774	108 397
Netto inntektsutjevning	-6 927	-10 890	-11 258
Sum rammetilskudd	100 993	93 884	97 139
Skatt på inntekt og formue	103 365	112 153	115 943
Sum skatt og ramme	204 358	206 037	213 082

I RNB aukar overføringane med om lag 1,5 mill til Tokke og ein vonar full kompensasjon for anslaget på auke i deflator (3,4%).

UTGIFTER/INNTEKTER – «innsparing»:

Innsparing for netto driftsresultat på 0%: ca 15 mill

Innsparing for netto driftsresultat på ca 1%: ca 20 mill

Innsparing for netto driftsresultat på 1,75%: ca 24 mill

Saka vil bli bygd opp slik:

- I saka vil det bli ei kortfatta oppsummering frå kommunalsjefane og overordna vurderingar av kommunedirektøren. I konklusjonen vil kommunedirektøren skilje på tilrådde tiltak og moglege tiltak («grøne og raude tiltak»)
- Vedlegg

- Analyse med andre kommunar – både på funksjonsnivå og Kgr. 6. Samt kort i forhold til kommunebarometeret.
- Omfattande vurdering/analyse frå kommunalsjefane frå sine respektive område

Saka er svært omfattande, men det er viktig at alle sider er analysert og vurdert for at grunnlaget for å gjere vedtak er best mogeleg.

Saksutgreiing:

Situasjonen er som skildra i vedlegg nr. 1 ein økonomi som ikkje er berekraftig over tid. Inntektssida er allereie høg og høge kostnader. Drifta har urimelege høge kostnader, det er her kommunedirektøren ser at tiltak må iverksetjast.

Å legge tiltak på inntekter, vil det berre vere eit tidsspørsmål før ein er tilbake i same situasjon. Kommunedirektøren meiner ein ikkje må ta den «lettaste vegen» å auke inntektene i prosessen ein no er inne i.

Det er urovekkande å sjå at Tokke kommune har høgste driftsutgifter og tredje høgast på driftsinntekter, målt ut frå talet på innbyggjarar i Kgr. 6. Dessutan er driftsutgifter > driftsinntekter. Kommunedirektøren har signalisert denne situasjonen ville kome i sine budsjett og økonomiplanar.

Likevel må ein ikkje dramatisere situasjonen, då kommunen på ei rekkje område har eit høgt driftsnivå. Samt at ein har fleire tenestar som ikkje er lovpålagt.

I innstillinga frå kommunedirektøren vil ein vektlegge eit skilje på lovpålagte og ikkje lovpålagte tenestar i tiltak ein vil tilrå.

Ein reduksjon i ressursar (både økonomi og personell) vil påverke tenestenivået, men ein må samstundes sjå etter effektive måtar å løyse oppgåvene på. Målet er å skjerme om tenestane mest mogeleg.

Det vil ikkje vere

Sidan det er føreslått at talet på stillingar må reduserast er det mykje turnover i planområde 2 og 3, der vil ein naturleg tilpassing av talet på årsverk skje gradvis gjennom 2026.

I planområde 1, 4 og 5 vil tilpassinga på talet av tilsette/årsverk bli meir utfordrande. Tiltak vil kommunedirektøren kome attende med

I ei omlegging der talet på årsverk/stillingar blir redusert vil oppgåver bli flytta i organisasjonen og oppgåver som då må løysast av andre tilsette. Svært mange tilsette vil få endra/fleire arbeidsoppgåver og ansvarsområde, det gjeld i alle planområde.

Det vil med henhold til Kommunelova vere kommunedirektøren som har ansvar å gjennomføre endringane i samsvar med rammene som kommunestyret vedtek.

Kommunedirektørane har over tid drøfta mogelege område for interkommunalt samarbeid. Målet er at interkommunalt samarbeid skal gje:

- ➔ Meir spesialisering av arbeidsoppgåver og bruk av kompetanse, som vil kunne gje meir effektiv løysing av oppgåver. Økonomisk gevinst
- ➔ Spesialisering kan gjere at tilsette kan opparbeide seg meir kompetanse på enkeltområde, som kan resultere i kvalitetsheving
- ➔ Mindre sårbar ved turnover og sjukdom
- ➔ Utnytte kapasiteten betre. Økonomisk gevinst
- ➔ Redusert samla bemanning

Nokre fagområde er det lettare å samarbeide om, mens andre krev utgreiing i forhold til lov og ulike analyser. På mange område er det fleire kommunar som har gått vegen før Vest-Telemark, som ein kan dra nytte av i prosessen. Resultatet er at nokre tilsette kan få endra oppmøtestad i heile eller delar av stillinga, for andre vil ikkje samlokalisering vere naudsynt om ein får interkommunalt samarbeid.

I denne prosessen vil også leiarar kunne få endra ansvar/fagområde. Det vil òg vere ein del av effektiviseringa av interkommunalt samarbeid.

To viktig spørsmål som reiser seg tideleg i utgreiing av eit samarbeid:

- ➔ Skal alle kommunane samarbeide eller treng ein færre kommunar som samarbeider. Nokre kommunar har allereie eit samarbeid på enkeltområde no
- ➔ Kommunar som samarbeider på enkeltområde, må det vere faste samarbeidskommunar?

Det er klart at prosessen vil medføre at talet på tilsette må ned. Målet er at talet på tilsette skal tilpasse seg på i ein «naturleg prosess», som kan vere:

Tilsette som byttar stilling, går over til anna arbeidsgjevar, anna arbeidsplass i kommunen eller tilsette som vel å pensjonere seg.

Vidare kan det bli aktuelt om naudsynt å flytte tilsette mellom arbeidsplassar i kommunen.

Planområde 1 - sentraladministrasjonen:

Automatisering og effektivisering av sentralbordfunksjonen kan frigjera ressursar til andre oppgåver, med sikte på å over tid redusere talet på stillingar og effektivisere arbeid innan sentraladministrasjonen.

Dette inneber å implementera digitale løysingar for hovudfunksjonane til sentralbordet. Ved å ta i bruk telefonsentral med talestyrte menyar, chat-bot-funksjon på nettsida, vil dei fleste innkommande førespurnader kunna handterast utan at ein tilsett svarer eller er fysisk til stede. Dette frigjer resepsjonspersonalet frå oppgåvene i resepsjonen slik at dei kan omplasserast i andre oppgåver. Per i dag hadde ein slik løysning resultert i kostnad og ikkje innsparing i kroner og er difor ikkje tilrådd. På sikt vil dette styrkja kommunen sin evne til å omprioritera menneskeleg kapital der den gjer mest nytte.

Det andre tiltaket går ut på å vurdere ei reduksjon i stillingar med å redusere minst éin til halvanna årsverk i planområde 1, sentraladministrasjonen. Dersom endringa vert gjennomført, må oppgåvene fordelast på nytt. For å lukkast med dette er det viktig å leggje til rette for grundig kompetanseoverføring og å planleggja arbeidsflyt mellom tilsette.

Eit tiltak er å kutta ordninga med masterstipend. Sidan ordninga ikkje er lovpålagd, og effekten av stipendutdelinga er vanskeleg å måla, får kommunen innsparing utan å bryta krav i lover eller reglar.

Kommunen kan vurdere korleis politiske møte blir gjennomførte på ein meir kostnadseffektiv måte. I dag overstig utgiftene til måltid i kommunestyret tre gonger høgare enn budsjettet. Ved å begrensa serveringa til enklare servering under møta, slå saman helse og omsorg- og oppvekstutval, og justera kostnader til godtgjersla til ordføraren ned mot det budsjetterte nivået, kan kommunen redusere unødvendige utgifter utan å svekkja demokratisk medverknad.

Planområde 2 - oppvekst:

Tokke har til no hatt god vaksentettleik både i barnehage, skule og kulturskule. Dette har vore ein viktig faktor både innanfor rekruttering/behalde tilsette og i det førebyggjande arbeidet for å sikre innanforskap og danning av barn og ungdom som skal bli robuste, arbeidande vaksne.

I ein situasjon der me no skal spare fleire millionar, ser ein tydeleg at det er stillingar og struktur som gjev dei største innsparingstiltaka. For å sikre ein forsvarleg innsparing må ein også sjå på andre tiltak. Innsparingstiltaka har tatt utgangspunkt i Kostratal, kostnader pr barn/elev og lovpålagte tenester.

Barnehage: Det er 4 barnehagar i Tokke. Alle er små med unntak av Dalen. Åmdals Verk og Byrte har i periodar vore stengt. Bornetala i Åmdals Verk er på veg oppover,- og nedlegging av denne vil ikkje anbefalast ut frå dagens vekst. I Byrte er det no 3 dagar barnehage. Her er det om lag 5 – 6 born. Kostnad pr born/pr plass er godt over dei andre barnehagane. Mykje fråfall av born på oppsette dagar (er ofte berre 3 - 4 born som kjem), krevjande å få bemanning, lite fagmiljø for tilsette samt bornas beste vurdering,- gjer at kommunedirektøren meiner at Byrte må leggjast ned. I dag nyttar 4 av borna tilbod på Dalen torsdag og fredag. Det vil vere plass til desse borna på Dalen utanom å opne ein 6 avdeling.

Skule: Grunnskulen i Tokke driv ikkje særskilt dyrt, men ser at ein elev i Høydalsmo kostar 80 000 kr meir enn ein elev på Tokke ut frå berekningar frå 2023. Utviklinga viser fleire elevar som treng særskilt oppfølging. Dette er krevjande å få til ut frå ordinære rammer. Store krav til dokumentasjon, arbeid rundt det psykososiale miljøet er meir krevjande enn før. Kommunedirektøren meiner det ikkje vil vere forsvarleg å fjerne meir enn 100 % stilling på kvar skule. Ein bør likevel vurdere å flytte ungdomsskulen til Dalen frå haust 2027. Dette vil gje innsparing både i stillingar og administrasjon. Miljøterapeutar er ikkje lovpålagt, men har ein sær viktig rolle i skulen for å sikre eit godt og trygt skulemiljø.

Kulturskule: Kulturskulen driv dyrt i Tokke, og prisen for kvar time er godt over dei andre kommunane i Vest – Telemark. Mange tilbod og eineundervisning for ekstra oppfølging. I ein stor innsparingssituasjon må ein redusere ikkje lovpålagte stillingar i kulturskulen.

Det er viktig at ein tenkjer heilheit i innsparingane. Osthøvel på ulike avdelingar kan nyttast til ein viss grad,- men vil ikkje vere ein god løysing om innsparingane blir for store. Konsekvensen ved å ikkje sjå på struktur, vil gå utover antall stillingar og kvalitet på dei store einingane i oppvekst. Dette vil vere svært uheldig då ein nærmar seg minimumsbemanning fleire stader.

Etaten er i ein situasjon der me ser på alle moglegheitane for innsparing,- også ekskursjonsplanen. Vidareføring av «støtteordningar» til vidaregåande (Fylkeskommunen) for at dei skal kunne reise på utenlandstur/ekskursjonar virkar difor som ein uheldig prioritering. Det same gjelder stønad til nabokommunar (Telemarksavtala).

Planområde 3 – helse og omsorg:

I Tokke kommune er det nå fleire innbyggjarar over 65 år enn innbyggjarar under 18 år. 25 % av innbyggjarane er over 65 år, 18,8 % av befolkninga er under 18 år. Med fleire eldre innbyggjarar følger også eit behov for auke helse- og omsorgstenester. Budsjettarbeidet for planområde 3 har tatt utgangspunkt i de spesielle utfordringane helse- og omsorgstenestene står ovanfor, og inkluderer ein vedvarande knappleik på helsepersonell, mangel på relevant kompetanse og eit press på kommunane på grunn av høgt sjukefråvær. Andre sentrale utfordringar er behovet for auka tverrfaglegheit og betre samhandling, svakheiter i leiing og organisering og manglande brukarmedverknad. I tillegg er det eit behov for å ta i bruk teknologi og digitalisering, og dessutan å styrkja førebyggjande arbeid og eldreomsorga for å møte framtidige behov. Prioritering av kjernetenestar har vert hovudfokus under prosessen.

Nasjonal rettleiar om [prioritering av helse og omsorgstenester](#) var innført i 2025. Hensikten med rettleiaren er å sikre riktig og rettferdig prioritering av tenestene og bør takast i bruk av helsepersonell, leiarar og politikar for å sikre god og riktig prioritering, noko som blir særskilt viktig når ressursane blir knappe.

Innsparingstiltaka som er foreslått går i hovudsak på *ikkje lovpålagte oppgåver*, og ei reduksjon av enkelte tenester, der Tokke har ligge høgt, samanlikna med andre. Regjeringa har peika ut enkelte innsatsområde som blant anna psykisk helse og rus. Desse har ein prøvd å skjerme i så stor grad som mogleg. Det hadde vore ønskeleg å skjerme meir av førebyggjande tiltak og tidleg innsats, men det har ein ikkje klart med innsparingskravet som det er nå. Her kan demenssjukepleiar trekkast fram, der behovet eigentleg er ei auke.

Institusjon ligg høgt på KOSTRA jamført med andre samanliknbare kommunar. Fag- og leiargruppa i helse og omsorg har ikkje foreslått reduksjon av plassar på institusjon, til trass av at det har blitt bygd og lagt til rette for fleire omsorgsbustader. Den enkle grunnen til det er at behovet for plassar er stort, og ein må arbeide meir med oppgåvedeling i heimeutenestene, før det eventuelt vil gje effekt på andre tenesteområde.

Ein annan viktig faktor er at Tokke sin KAD-plass frå 2026 flyttast frå Vinje til Tokke, utan at me aukar antal sjukeheimsplassar. I praksis går me ned med ein korttids plass. I tillegg tilseier dekningsgraden at ei reduksjon ikkje er riktig nå. SSB gjennomførte ei landsdekkande undersøking 2022, der den gjennomsnittlege dekningsgraden på sjukeheim var 16,3%.

Utsiktene tilseier at Tokke kommune allereie frå 2030 har behov for fleire institusjonsplassar. For Tokke kommune vil behovet sjå slik ut:

År	Innbyggjarar over 80 år	Dekningsgrad 16 % institusjon
2022	140	23
2025	147	24
2030	181	29
2035	228	37
2040	273	44

I staden er det foreslått å redusere bemanningsnorm på institusjon. Bemanningsnorm i Norge er forskjellig, men fleire store kommunar har tatt grep og lagt seg på ei fast bemanningsnorm. For at ein reduksjon av bemanningsnorm skal vere realistisk å lykkast med, er det ein føresetnad at sjukepleiarteamet held fram som i dag. Eiga sak om sjukepleiarteamet skal behandlast politisk i oktober. Det er viktig å merke seg at ein må sjå på institusjon og heimetenesta samla og innsparringa vil også påverka drifta på begge avdelingar.

Reduksjonen som er foreslått i helseavdelinga går i stort sett på ikkje lovpålagte oppgåver. Her ligg også svært viktige førebyggjande tiltak, som på sikt, vil vere med på å redusere uhelse og sjukdom. Spesielt gjeld det ei reduksjon i fysioterapitenesta, som er eit ledd for å førebygge og redusere bruket for omsorgstenesta i framtida. Det er foreslått å avslutte samarbeidet om Rask psykisk helsehjelp i Vest Telemark. Det er vanskeleg av fleire grunner, spesielt for at ein tradisjonelt støtter samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark og på mange måtar er det riktig veg gå i framtida – auka samarbeid. Her har antall brukar vekt tungt og er ikkje helseøkonomisk berekraftig og strider dermed mot ny prioriteringsrettleiar. Ein må merke seg at oppseiingstida er 1 år. Reduksjon av mat til heimebuande og reduksjon av sal av mat er foreslått for å redusere bemanning på kjøkkenet.

Planområde 4 – plan, næring og kultur:

Plan, næring og kulturavdelinga har eit budsjett på omlag 25 millionar kroner. Det er eit mål at kvar avdeling skal spare omlag 7%. Dette vil utgjere omlag 1 750 000 kroner.

Potensielt innsparring kan vere 4 moment.

1. Kutte i tilskotsordningar
2. Høgare gebyr på tenester, og gebyr på tenester som ikkje har gebyr i dag.
3. Kutte i stillingar
4. Interkommunalt samarbeid

Tilskotsordningar

Vi har tilskot innaføre landbruk, næring og kultur. Vi brukar i dag omlag 1,5 mill på ulike landbrukstilskot. Innaføre næring har vi eit budsjett på omlag 2,5 mill. I kultursektoren brukar vi omlag 2,5 mill kroner på ulike tilskot. Av dette er 1,5 mill tilskot til Vest-Telemark museum.

Gebyr – inntening

Ein kan take gebyr på tenester ein ikkje har gebyr på i dag, og ein kan auke gebyr på eksisterande gebyr. Vi har sakstyper innaføre byggesak og oppmåling som vi kan auke innteninga på.

Innsparring av stillingar/løn

PNK er ei forvaltingavdeling. Vi sakshandsamar mykje saker innaføre plan- og bygningslova, og innaføre kultur og idrett. Det er mogleg å spare inn på stillingar, men dette må skje på ein ryddig og fornuftig måte. Det er sett opp forslag om å redusere avdelinga med ei stilling.

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er aktuelt å tenkje på. Det vil nok ikkje på kort sikt føre til innsparring, men ein vil få ei mykje meir robust tenesteyting. Dersom fleire kommunar

samarbeider innføre fagfelt så vil ein alltid ha personar tilgjengeleg på jobb og ikkje bli så sårbar som ein er i dag. I dag er det stort sette berre ein fagperson på kvart fagfelt.

Planområde 5 - teknisk:

Bakgrunn og økonomisk ramme

Kommunedirektøren har signalisert at alle planområde skal legge opp til ein reell innsparing på om lag 7 % For Teknisk utgjer dette 2 453 500 kroner, basert på budsjettert ramme.

Samtidig viser erfaringstal frå dei siste 5 åra at Teknisk har hatt eit systematisk overforbruk på 7–10 % i høve vedteke budsjett. For 2025 viser 1. tertialrapport eit anslått overforbruk på ca. 3,2 mill. kr.

Strategi frå Teknisk etat

Teknisk har difor lagt opp til ein 15 % innsparing på drift, med utgangspunkt i faktisk forbruk – ikkje berre budsjett. Dette gir:

- Samla innsparingstiltak: 5,66 mill. kr
- Fråtrekk for overforbruk 2025: –3,2 mill. kr
- Reell innsparing: ca. 2,46 mill. kr

Dette treff presist på målet om 7 % reduksjon i reelt forbruk og inneber ein reell nedtrapping i kommunale kostnader samanlikna med faktisk drift siste åra.

Vegdrift – allereie svært låge kostnader

I KOSTRA-rapporten for 2024 er Tokke oppført med 232 061 kr/km kommunal veg, men dette inkluderer eit investeringsprosjekt som feilaktig blei ført som drift. Når dette blir korrigert, er reell kostnad berre 119 940 kr/km.

Ved samanlikning med nabokommunar og nasjonale nivå kjem Tokke særst godt ut:

Kommune / gruppe	Kostnad (kr/km)	I prosent over Tokke
Fyresdal	92 160	Tokke ligg 30 % høgare
Vinje	208 314	+74 %
Nissedal	121 808	+1,6 %
Kviteseid	170 000	+42 %
Seljord	137 089	+14 %
Kostragruppe 6	151 471	+26 %
Landet utan Oslo	204 735	+71 %

Dette viser at Tokke allereie driv kommunal veg på svært lågt kostnadsnivå, og at det i denne innsparingasrunden er lite å hente på ytterlegare reduksjon i vegdrift. Eventuelle nye kutt kan gi uheldige konsekvensar for standard og tryggleik, utan vesentleg økonomisk gevinst.

Innsparingstiltak – hovudpunkt

Utvalde tiltak frå innsparingstabellen:

- Avvikling og sal av bygg/grendehus: 500 000–1 000 000 kr

- Redusert reinhald og vasketid (INSTA 800): 600 000 kr
- Administrativ effektivisering og ENØK: 350 000 kr
- Reduksjon i bemanning, på bakgrunn av redusert areal (1–2 årsverk): 2 000 000 kr
- Brukarbetaling, leige og lisensar: 500–700 000 kr

Teknisk etat har gjennomført ei heilskapleg vurdering og foreslått tiltak som kombinerer arealkutt, driftseffektivisering og ansvarleg nedbemanning. Medrekna reell overforbruksnivå, svarar innsparingane til målsettinga frå kommunedirektøren på 7 % reduksjon.

Etaten har allereie svært låge kostnader på vegdrift, og vidare kutt her bør ikkje prioriterast. Innsparingane bør i staden komme frå bygg, reinhald, energi og administrative grep.

Planområde 6:

Tokke kommune som har høge utgifter og inntekter, må klart få kontroll på utgiftene. Ein bør ikkje velje enklaste veg å legge utgiftene over på innbyggjarane (så kommunen aukar inntektene).

- I. «Tokkepris» på straum held fram.
- II. Eigenbetaling og avgifter blir justert med deflator

Konklusjon:

Sjå vedlegg 1.

Kommunedirektørens tilråding

- I. Endringane som blir vedteke i saka blir innarbeida i kommunedirektørens framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029
- II. Kommunedirektøren må saman med budsjettet i oktober, som del av budsjettsaka, legge fram tiltaksplan for å tilpasse talet på tilsette/årsverk snarast råd. Talet på tilsette bør vere tilpassa innan det vedtekne driftsnivået seinast 31.12.26.
- III. Kommunedirektøren legg fram politisk sak i oktober der ein vurderar ulike tiltak for reduksjon i utgiftene til politisk styring.
- IV. Kommunedirektøren må seinast saman med endeleg budsjettvedtak i desember legge fram plan for vidare arbeid med interkommunalt samarbeid.
- V. Endring i kostnader/inntekter blir vedteke slik det går fram på tilrådde tiltak under vedlegg 1.

